

## Generelle akseptkriterier:



### ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

Org. nr: 985 345 899 MVA

Bankkontonr. 1503.85.62557

[www.oyvar.no](http://www.oyvar.no)

- Ein føreset at tiltakshavar har sikra seg naudsynte rettar og erklæringar for leidningsgrunn over annen eigedom, og for tilknytning og vedlikehald av private fellesleidningar.
- For avlaupsinstallasjonar må ein særskilt sjå til at høgd mellom tilknytingspunkt og lågaste vasslås er i samsvar med krav i standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup.
- Ved tilknytning til offentleg vassforsyning er det krav om installasjon av vassmålar og utvendig stoppekran.
- Stikkleidningar skal ha minimum 1,2 m overdekning, eller sikrast mot frost og ytre påverknad på annan godkjend måte.
- Ein føreset at ansvarleg føretak for prosjektering har gjort ei fagleg vurdering av eksisterande fellesleidningar og konkludert med at både kvalitet og kapasitet er tilfredstillande for den auka belastning som det nye tiltaket gjev.
- Vi føreset at søkjar har kontrollert at det omsøkte tiltaket vil ha eit tilfredsstillande vasstrykk, utifrå plassering.
- Dersom bygg skal sprinklast må ein søkje særskilt om dette. Ein må då oppgje den mengde vatn ein har behov for, med krav til reststrykk. Tilbakeslag skal sikrast med minimum kategori 3 ventil. Sprinklervatn og forbruksvatn skal gå i felles leidning inn i bygget, frå utvendig kum med stengeventil.
- Teknisk sluttdokumentasjon skal sendast til ØyVAR når tiltaket er utført. Dokumentasjonen skal normalt omfatta:
  - Målsatt som bygd-teikning med utført leidningstrase frå tilknytingspunkt og fram til veggliiv innteikna. For alle tiltak skal tilknytingspunkt, stakekummer og stoppekranar koordinatfestast i UTM sone 32 EUREF89, NN2000.
  - Aktuelle tinglyste erklæringar/rettar
  - Sluttdokumentasjonsskjema
  - Vassmålar skjema
- Anlegg som skal overtakast av ØyVAR for drift, vedlikehald og eigarskap må krav til sluttdokumentasjon i VA-norm for Øygarden kommune følgjast.
- ØyVAR har ikkje gått gjennom dei tekniske planane i detalj, og om det seinare skulle verta oppdaga feil eller manglar ved tiltaket, vil det verta krevd retting eller komplettering.

- Tekniske avvik frå VA-norm eller frå standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup vert berre tillatt etter skriftleg søknad om dispensasjon.
- Ved større avvik frå tidlegare innsendte planar i samband med søknad om førehandstilsegn, skal reviderte planar sendast til ØyVAR for godkjenning før utføring. ØyVAR kan då stille nye akseptkriteriar.
- I tillegg til pbl og tilhøyrande forskrifter skal tiltaket også oppfylle krava i standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup. VA-anlegg som skal overtakast av ØyVAR og alle påkoplingspunkt til offentleg nett skal byggjast etter krava i VA-normen for Øygarden kommune. VA-norm finn ein her: <https://www.va-norm.no/oygarden/>
- Søknad etter Plan- og bygningslova (pbl) sendast Øygarden kommune i samsvar med krava for søknadspliktige tiltak.
- Førehandstilsagn for tilknytning til offentleg VA-nett gjeld i 3 år frå utferdingsdato. Er ikkje tiltaket sett i gang innan tre år, fell løyvet bort. Forlenging av løyve vert berre gjeve etter skriftleg søknad. Kopi av førehandstilsagn med akseptkriterier må vedleggast når søknad om tiltak vert sendt byggesaksavdelinga i Øygarden kommune for behandling etter pbl. Ansvarleg søkjar er pliktig til å informera tiltakshavar om desse akseptkriteriane.